



Ordføreren sitt hjørne – februar 2017

I sak 132/16 i kommunestyret før jul vart det sett ned ei styringsgruppe for å gå gjennom og prioritere framtidige utbyggingar på skule- og helsesektoren. Gruppa fekk eit breitt mandat av kommunestyret. Kortversjonen av mandatet er slik :

-Styringsgruppa skal gjennomgå grunnlaget for skulestrukturvedtaket jf sak K-44/15, -vurdere om mulighetsstudien frå Asplan Viak er realistisk.

-analysere behov innan Helse og omsorg basert på gjeldande temaplan frå 2011 og etter dagens behov

-Styringsgruppa må vurdere totaløkonomien i prosjektet.

Styringsgruppa skal ha ansvar for at strategiske avgjerder vert lagt fram for livsløp/kommunestyret i samsvar med framlagt framdriftsplan/prosjektplan i sak 132/16.

- Styringsgruppa er fristilt mht til plassering med utgangspunkt i strukturvedtaket i sak 44/15.

Det er eit omfattande mandat Styringsgruppa har fått. På mange måtar er det å gå gjennom og vurdere heile sakskomplekset for skule- og barnehagestruktur på nytt, og også gjera ei brei analyse av behov innan Helse og omsorg. Arealbruken i Trøym aust må vurderast opp mot «Mulighetsstudien frå Asplan Viak» (presentert for kommunestyret i juni), og me skal også vurdere totaløkonomien i prosjektet. Det er mange tankar me må ha i hovudet samstundes, men eg trur det blir viktig å ta dette steg for steg, og legge fram for kommunestyret for prioritering etter kvart.

«Styringsgruppa skal gjennomgå grunnlaget for skulestrukturvedtaket jf K- sak 44/15» står det i fyrste bestilling i mandatet. Er det forutsetningar som er endra sidan analysa for skule- og barnehagestruktur vart utarbeidd? På kort sikt kan det vera det, for det har no vore 5 år med eit lågare fødselstal enn tidlegare år. Folketalsveksten fram mot 2040 er det neppe grunn til å endre på.

«Styringsgruppa er fristilt mht til plassering med utgangspunkt i strukturvedtaket i sak 44/15», heiter det i mandatet. Kommunestyret har bedt styringsgruppa vurdere anna plassering enn sentralskule lagt til HBU. Det er kome eit konkret innspel frå Jegeir Trøim om plassering av ny skule ved idrettsbanen. Det er også fleire politikarar og andre som har kome med same synspunkta. Ei vurdering av om dette let seg gjera, er noko av det fyrste me må avklare for kommunestyret. Her er element som tomt, tilkomst, jordvern og økonomi viktige. Er det meint å flytte heile skulen, eller er det berre småskulen det er prat om? Viser til vurdering i skulestruktursaka, der det blir slått fast at eksisterande bygg har ein verdi på 100 millionar kroner. Arealfordelen vil vera at presset på dyrka mark blir mindre, og at «kampen» om dei same areala mellom skule og helse blir mindre. Me arbeider utifrå framskrivingar til 2040, men det er viktig å tenkje utvikling vidare framover.

Utbygging/utviding av Helsesenteret for å betre arbeidsforholda for legane og ambulanse treng ei rask avklaring. Dette er ei sak som kom opp i samband med budsjettet for 2016 og det er lagt inn løyving på 2,5 millionar kroner i 2017. Samlokalisering av tenestene må drøftast. Skal me legge opp til at legekontora, ambulanse, fysioterapi og psykisk helse blir samlokalisert under same tak? Er det plass til det med utviding av Helsesenteret, eller skal det i såfall leggjast til ny tomt nærare Bygdaheimen? Skal me ha legekontora og ambulanse på noverande Helsesenteret og samlokalisere fysioterapi og psykisk helse i samband med skule og/eller Bygdaheimen og omsorgsbustadane?

Styringsgruppa har til møtet no den 9. februar konsentrert seg om avklaringar for Helsesenteret. Målet er å fremme ei sak om arealavklaringar for skulen på eit seinare møte.

Styringsgruppa har drøfta framtidige løysingar for helsetenestene.

Det er etter vårt syn 3 aktuelle modellar:

1. Samlokalisering av helsetenester og pleie og omsorg i felles areal ved Bygdaheimen.
2. Samlokalisering av helsetenester, fysioterapi, psykisk helse, helsestasjon, familievern, barnevern ved helsesenteret.
3. Helsesenteret blir legesenter saman med ambulanse, og dei andre helsetenestene i nytt bygg ved Bygdaheimen/skulen.

Styringsgruppa vil tilrå at kommunestyret går inn for alternativ 2 eller 3. Helsesenteret er eit ganske nytt bygg, som med små endringar kan vera eit funksjonelt bygg framover. Eksisterande bygning har ein stor verdi, som var ny i 2002. Det er plass til eit tilbygg på 300 kvm i grunnflate på austsida av noverande bygg som kan romme alle funksjonar som er nemnt i alternativ 2. Det tenkte nybygget kan også byggjast i 2 etasjar om nødvendig. Det kan då vera naturleg at permanent løysing for ambulanse blir eit tilbygg vestover på eksisterande bygg, ved sida av ambulansegarasjen. Vel ein å gå for alternativ 3, vil noverande bygningsmasse vera meir enn stor nok for å få til gode løysingar for legetenesta og ambulanse.

Ved å bygge om legedelen med eit 4. legekontor og betre kapasitet på akutt-observasjonsrom, resepsjon, laboratorium og venterom, og løyse ambulansane sine behov med brakke/brakker inntil bygget på vestsida, vil dette dekke legetenesta sitt behov på lang sikt. Det legg heller ikkje avgrensingar på val av modell vidare.

Styringsgruppa si tilråding til kommunestyret

Hemsedal kommunestyre prioriterer ombygging av noverande Helsesenter med alle funksjonar for legesenteret og ambulanse innafor noverande bygningsmasse.

Før kommunestyret tek stilling til endeleg plassering for psykisk helse og fysioterapi (alternativ 2 eller 3), vert det som midlertidig løysing sett opp brakke/brakker i vestre kant av bygget for å løyse ambulansen sin behov .

Kommunestyret tek endeleg stilling til framtidig utbygging av helsetenestene (alternativ 2 eller 3) på eit seinare tidspunkt når saka er utgreidd betre.

Hemsedal kommunestyre ber rådmannen starte arbeidet med ombygging av legesenteret og ambulanselokala innafor avsett ramme på 2,5 millionar kroner med føringane i denne saka.

Dette vart ei lengre gjennomgang av arbeidet me er i gang med, så hjørna mitt denne gongen vart 2 sider. Så har me vel eit felles ynskje om at det kjem meir snø utover, og at mildveret ikkje kjem like ofte.

Dagane blir stadig lysare og lengre, fortsatt god vinter!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar